
Saknr: 2020/44700-1
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2020

Oppnemning av statleg styrerepresentant i Carte Blanche

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune innstiller Suzanne Bjørneboe som statleg representant 2020 - 2023 i styret for Carte Blanche As i tillegg til dei allereie føreslegne representantane. valbolken 2019-2023:

Samandrag

Vestland fylkeskommune har ansvar for å velje eller innstille medlemmar til mange eksterne organ, t.d. ulike råd og stiftingar. Dette vart gjort i hovudsak i Politisk sak 2020/18 til fylkestinget 03.03. *Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023.* Innstilling av styremedlemmar til Carte Blanche As var ein del av denne saka, og fylkeskommunen har ansvar for å innstille både fylkeskommunale og statlege representantar til dette As. Det har i ettertid vist seg at fylkeskommunen må innstille ytterlegare ein statleg representant til styret. Det vert gjort i denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok 03.03.20 i Politisk Sak 2020/18 *Val til styringsorgan i stiftingar, selskap og andre organisasjonar for fylkestingsperioden 2019-2023* å innstille og oppnemne ei rekke kandidatar og representantar til i ulike organ der fylkeskommunen er bedd om å innstille eller oppnemne slike. I nokre tilfelle vel fylkeskommunen medlemar direkte. I andre tilfelle skal fylkeskommunen kome med forslag om personar, som då kan verte formelt valde av t.d. generalforsamlinga i eit selskap på eit seinare tidspunkt. Dette gjaldt m.a. innstilling til styrerepresentantar i Carte Blanche AS - der fylkeskommunen er medeigar saman med stat og Bergen kommune.

Fylkestinget vedtok følgjande innstilling (Saksprotokoll frå 03.03.2020):

Carte Blanche AS - styret

Fylkeskommunal:

Medlem: Svein Halleraker (H) (representerer i dag staten)

Varamedlem: Kine Bratli Dale (A)

Statleg:

Medlem: Anne-Grete Strøm-Erichsen (A)

Varamedlem 1: Elisabeth Toft Eriksen (V)

Varamedlem 2: Chiku Ali (R)

Varamedlem 3: Marthe Hammer (SV)

Det har etterpå kome melding frå Carte Blanche AS som gjer fylkeskommunen merksam på at Anne-Grete Strøm Erichsen sit allereie i styret og var i utgangspunktet ikkje på val før i 2021. *Dette betyr at det vert ingen som erstattar Svein Halleraker for statens aksjer i styret og at det då manglar forslag til det siste styremedlemmet*

Carte Blanche AS sine vedtekter seier følgjande:

§4 Selskapets ledelse.

Selskapet ledes av et styre på 7 medlemmer inkl. representant fra de ansatte. Styrets medlemmer velges av generalforsamlingen. Fem medlemmer inkludert styrets leder velges etter forslag fra Hordaland fylkeskommune, et medlem etter forslag fra Bergen kommune. De ansattes representant velges etter aksjelovens bestemmelser. Det velges varamedlemmer til styret. Styrets valgperiode er fire år. Gjenvalg bør ikke skje mer enn en gang.

Med det vedtaket som vart gjort i Fylkettinget 3.mars har Carte Blanche AS fått til saman fire medlemmer etter forslag frå fylkeskommune - mens dei altså skal ha forslag på fem styremedlemmar.

Fylkesrådmannen ser at styret i Carte Blanche har ei god og brei samansetting, men at det kunne vore positivt å styrke den dansefaglege og kunstnarlege kompetansen. Suzanne Bjørneboe vert difor fremja som forslag.

Suzanne Bjørneboe var dansar i Carte Blanche då dei vart oppretta i 1989, og var dansarane sin representant i styret då. Ho har sidan vore m.a. dekan på Kunsthøyskolen i Oslo, og er styreleiar på Black Box teater. Bjørneboe er no avdelingsleiar for teater, visuell kunst og dans i Asker kulturskole.

Vedtakskompetanse

Det er heimel i reglement for at fylkesutvalet kan utføre slike val.

Konklusjon

Fylkesrådmannen ser Suzanne Bjørneboe som ein god kandidat til statleg representant i styret til Carte Blanche AS då ho har både dansekompetanse, solid erfaring frå styrearbeid og høgskule. Bjørneboe har samansett erfaring og kunnskap som vil vere verdifull dette styret.